



# UNIVERSITETET I OSLO

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 14.03.2023

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

## Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 14.03.2023

Frå organisasjonane

- Cecilie Wingerei Lilleheil – Forskar forbundet
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Matthew Rix Whiting – vara for lokalt hovudverneombod

Forfall: NTL og Parat

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Lenke til styresakene: [Innkalling til møte i fakultetsstyret 16.3.2023 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(ui.no\)](#)

## Drøftingssaker

1. Administrasjonsreglement for Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
Fakultetsdirektøren orienterte kort om dei viktigaste endringane i reglementet

Akademikarane påpeikar at, forutan for fakultetsstyret, så er det ikkje skreve kor lengje ein skal vera oppnemnt i dei ulike organa ved fakultetet.

Fakultetsdirektøren seier at dette er noko som dei vil ta inn slik at det kjem klart fram i reglementet.

2. Kriteria for tilsetting og opprykk til stilling som dosent  
Dekanen orienterte om bakgrunnen for saka og arbeidet som er gjort ved fakultetet for å få nedskrive kriterium som skal liggja til grunn ved opprykk til dosent ved fakultetet. Denne saka skal vera diskusjonssak i fyrstkomande fakultetsstyremøte og planlagt vedtakssak i fakultetsstyremøte i juni. Ein vil gjerne ha kriteria klare slik at ein kan samkøyra desse evt. opprykkssøknader med opprykk til

---

**Det samfunnsvitenskaplege fakultet**  
Fakultetsadministrasjonen

Postadresse:  
Postboks 1084 Blindern  
0317 Oslo

Besøksadresse:  
Eilert Sundts hus 4. et.,  
Moltke Moes vei 31, 0851  
Oslo

Tlf: 22 85 62 64  
Faks: 22 85 48 25  
E-post: postmottak@sv.uio.no  
www.sv.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854



professor med søknadsfrist 15.09.2023.

Forskarforbundet oppmodar fakultetet til å ha ein høyringsrunde med einingane slik at ein er sikker på at kriteria er tilpassa den gruppa av førstelektorar ein har ved fakultetet. Det er klokt dersom dei tilsette får koma med innspel og at dei vert godt informert om kva kriterium som skal gjelde for opprykk.

Dekanen seier det er viktig at reglementet gjev mening for dei det gjeld og at dei er informert, men at det ikkje er naturleg at ei tilsettgruppe sjølv er med på å utforma eigne opprykkskriterier.

### 3. Fakultetskontakt IT

Notat om stillingsinnhald i rolla fakultetskontakt IT vart ettersendt

Fakultetsdirektøren orienterer kort om at dette er ei stilling som er tiltenkt tidlegare leiar for IT-seksjonen ved SV-fakultetet som fortset i stilling ved fakultetet, etter at IT-seksjonen med dei tilsette er overført til UiO:IT.

Akademikarane peiker på at arbeidsoppgåvene som er tenkt inn i stillinga ikkje er på seniornivå i notatet, verken seniorrådgjevar eller senioringeniør.

Fakultetsdirektøren fortel at fakultetet ynskjer å ha ein strategisk rådgjevar på IT-sida, og ser at dette kan koma tydelegare fram i notatet.

Forskarforbundet støttar Akademikarane i deira syn på notatet slik det er framlagt.

### 4. Investeringar i studie- og arbeids- og læringsmiljøtiltak

Fakultetsdirektøren fortel at fakultetet har eit stor akkumulert overskot, og sjølv om institutta aukar sin aktivitet er det likevel rom for å gjera nye investeringar. Ein har hatt ein idéudgnad og sett opp ei liste med ulike tiltak for betring av det fysiske miljøet ved fakultetet.

Forskarforbundet tenkjer at ein også burde ha tiltak som betrar det psykososiale miljøet, og syner til einingar som kunne ha nytte av tiltak for eit betra arbeidsmiljø.

Vernelinja seier at dersom ein skal prioritere bør ein fyrst få gjort noko med vindauge i Harriet Holters hus, som ikkje er restaurert og oppgradert. Skilnaden før og etter oppussing av vindauge i Eilert Sundts hus er stor, og ein burde gjera det same i HHH.

Akademikarane synes tiltaka ser bra ut, og ser gjerne at ein oppgraderer undervisningsromma ved SV, og syner i denne samanheng til det arbeidet som er gjort ved UV-fakultetet.

### 5. Evaluering av partssamarbeidet 2023.

Spørsmål til diskusjon:

- Har ansattes medvirkning og tillitsvalgtes medbestemmelse endret seg de siste årene, eventuelt på hvilken måte?
- Hvordan ivaretas ansattes medvirkning og tillitsvalgtes medbestemmelse i viktige saker ved vårt fakultet?
- Blir de riktige sakene prioritert til behandling i IDF-møtene?

Forskarforbundet peiker på at det er ei utfordring å få tatt ut medbestemmelse på nivå 3 ved UiO då drøftingar vert halde på nivå 1 og 2. Det gjer det krevjande å koma inn i prosessar å få tatt ut medbestemmelse på instituttnivå. Det er fleire saker som heilt klart kunne vore handtert betre dersom



# UNIVERSITETET I OSLO

3

fagforeningane hadde vorte tekne med i prosessen.

Akademikarane støttar Forskar forbundet i dette synet og viser til at det stort sett berre er når ein drøftar budsjett 1 gong i året med dei lokale leiarane at ein får 10 minutt med direkte informasjon om kva som røre seg ute på einingane.

Verneombodet er uroa for at dei tilsette er for dårleg skulert i medbestemmelse og veit for lite om korleis medverking for tilsette fungerer.

Dekanen støttar verneombodet i dette, spesielt for dei internasjonalt tilsette som ikkje er kjent med det norske systemet.

Forskar forbundet spør om utøving av personalpolitikk og om dei lokale leiarane har tid nok til å vera ein nærverande leiar som kan ivareta dei tilsette.

Dekanen seier dette kan stundom vera eit problem då ein no har einingar som har vekse svært mykje den seinare tida. Fakultetet er klar over på dei utfordingane veksten gjev, og er i jamleg dialog med einingane.

Forskar forbundet ser gjerne at organisasjonane kunne verta involvert i desse samtalane fakultetet har med einingane.

Akademikarane ynsker at UiO i større grad samkøyrer både IDF-møta ute på fakulteta, og dei sentrale møta, då ein stadig opplever møter som fell på same tid. Vidare er det ynskjeleg at innkallinga m/sakspapir blir lagt ut på nett og at referata blir publisert offentleg på nettsida i etterkant. Syner her til Med.fak. som publiserer referata på nett. Til slutt er det eit ynskje at ein alltid kjem tilbake til saker som har vore drøfta og informerer om utfallet i dei ulike sakene.

Både Forskar forbundet og Akademikarane synes at samarbeidet i IDF-møta på nivå 2 er godt og at det er rom for å vera usamde i saker.

Arbeidsgjevar i samd i dette, ein opplever møta som konstruktive med nytige attendemeldingar som er med på å betra sakene.

## 6. Personpresentasjonar og mobilnummer Innmeldt sak.

Fakultetsdirektøren fortel at ein ikkje kan pålegge dei tilsette å leggje sitt privat mobilnummer på nettsida med personpresentasjon, men at det i mange tilfelle kan vera ein fordel, spesielt for dei som er tilsett i særleg uavhengig stilling og ikkje er så mykje på kontoret.

Akademikarane meiner arbeidsgjevar ikkje bør oppmode til dette så lengje ein ikkje har betalt mobiltelefon for alle ved UiO. Dei som vil kan enkelt vidarekople fasttelefonen på kontoret til sin private mobiltelefon. UiO er gamaldags, og alle burde hatt laptop med docingstasjon og mobiltelefon.

Forskar forbundet oppmodar fakultetet til å meld vidare oppover i systemet at UiO burde leggja om til mobiltelefon, spesielt sidan ein er avhengig av privat mobiltelefon for stadig autentisering ved innlogging i ulike system.



# UNIVERSITETET I OSLO

4

## Informasjonssaker

### A. Fakultetsstyremøtet 16. mars 2023

Organisasjonane hadde ikkje merknader til dei resterande sakene på sakskartet.

### B. Personalsituasjonen

Kunngjering av instituttleiar ved SAI ligg no hjå organisasjonane og vil om kort tid verta kunngjort.

Med helsing

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.